



Sweco Norge As
Postboks 80 Skøyen
0212 Oslo

Dykkar ref.

Vår ref.

26/7056 - 2

Dato

14.08.2026

Saksnr.	Utval
79/26	Utval for kultur og næring

Løyve til utvida bruk av avkjørsle - gbnr. 191/190

Gbnr. 191/84

Søknaden gjeld:

Endra bruk av eksisterande avkjørsle i samband med bruksendring frå anneks til 1 bueining på eigedom 191/190. Eigedommen er nyleg skilt ut frå gbnr 191/84.

Planstatus:

Det er regulert avkøyning til eigedommen og byggegrense i detaljreguleringsplan for Brynalii 102, planID 12352018010

VURDERING AV SØKNADEN:

Søknaden er vurdert på bakgrunn av innsende teikningar/snitt, situasjonsplan og bilete.

KV 1093 Brynalii er å rekne som samleveg på staden med ÅDT > 2000. Fartsgrensa på vegen er 50 km/t. Vegen er relativt rett og oversiktleg på staden.

Avkjørsla tener i dag eit anneks, og vil etter søknaden tene 1 bueining. Det er opplyst at det er god plass til å snu på eigen eigedom. Avkøyninga er regulert i detaljreguleringsplan for Brynalii 102, SV1. Det er regulert siktliner for avkøyninga i detaljreguleringsplanen. Avkøyninga ligg delvis på naboeigedommen 191/188, og ligg i eit område som er under utvikling og utbygging. Det må påreknast vidare utvikling av området, og i dette arbeidet må det sikrast at avkøyninga for utforming i tråd med detaljreguleringsplan har tilstrekkeleg sikt både mot veg og fortau.

Ein legg til grunn at tiltaket ikkje fører større ulempe for drift, vedlikehald eller tryggleik på den kommunale vegen.

VEDTAK:

I heimel i delegeringsreglement vedteke i Voss heradsstyre 26.01.2021, vert følgjande vedtak gjort: I medhald av §40 i veglova vert det gjeve løyve til utvida bruk av avkjørsle til gnr. 191 bnr. 190, Brynalii i samsvar med søknaden. Det vert gjort gjeldande følgjande vilkår og merknader:

1. Det vert sett som vilkår at avkøyrsla vert opparbeidd og halden ved like i samsvar med veglova og underliggjande regelverk, særleg gjeldande **retningsliner for avkøyrslar til kommunal veg**, stadfesta av Voss kommune 19.05.2008.
2. **Avkøyrsla må opparbeidast som Avkøyrslar type P med minst 50 m sikt til kvar side frå eit punkt 2 m inn i avkøyrsla frå ytterkant av fortauet.**
3. Avkøyringa ligg innanfor detaljreguleringsplan for brynalii 102. Det er fleire rekkjefølgjekrav knytt til den vidare utviklinga av området – og ein må påreikna at det kan koma endringar og byggeaktivitet i samband med dette.
4. Det skal sikrast at frisktlinene til avkøyrsla vert oppretthalde og omsynstatt.
5. Det skal sytast for at vatn frå avkøyrsla ikkje vert ført inn på kommunal veg.
6. Dersom avkøyrsla vert opparbeida eller halden ved like i strid med veglova, underliggjande regelverk, eller vilkår etter dette vedtaket, kan kommunen krevje retting jf veglova §§ 42 og 43.
7. Dette løyvet gjeld berre etter Veglova. Dei fleste tiltak krev i tillegg byggjeløyve etter Plan- og Bygningslova, ev. andre løyve frå røyr- og kabeleigarar, eller rettar grunneigarar osv.
8. Løyvet fell bort dersom arbeid med avkøyrsla ikkje er sett i gong innan 3 år etter det er gitt.
9. Før alle gravearbeid i eller nær (3 m) kommunal veg tar til skal det føreliggje graveløyve med tilhøyrande varslingsplan (skiltplan): <https://voss.herad.no/tenester/veg-vatn-og-avlop/veg/graving-og-arbeidsvarsling/>

KLAGE PÅ VEDTAK:

Vedtaket kan påklagast etter forvaltningslova § 28. Mogleg klage må setjast fram skriftleg til kommunen innan 3 veker etter at søkjar har fått melding om vedtaket, jfr. forvaltningslova § 29.

Med venleg helsing

Björg Lirhus Ree
Veg
Tlf:

Dokumentet er elektronisk godkjent og treng ikkje signatur

Vedlegg
Retningsliner for avkøyrslar til kommunal veg_Voss herad